

Alver kommune
Planforvaltning
Postboks 4
5906 Frekhaug

Saknr.:	Kommune:	gbnr.	Gardsnamn:	Dykkar ref.:
23-001	Alver	108/161	Åtun	sak 20/18451- 22/95098

Varsel om Offentleg ettersyn og høyring – Detaljregulering for Åtun–PlanID 4631 2021 004

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2023/	Inn	21.12.2022	Alver kommune v/Ingrid Rainseth	Offentleg ettersyn og høyring - Detaljregulering	SMV

NGIR har mottatt varsel om Offentleg ettersyn og høyring - Detaljregulering for gbnr.108/161, Åtun i Alver kommune, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar.

Hytter leverer avfall til felleskonteinarar plassert ulike plasser i kommunen.

I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel.

Renovasjonsbilen må kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar for å unngå rygging. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Viser elles til utarbeid RTP som ligg på NGIR sin heimeside www.ngir.no

Kjevikdalen 4. januar 2023

Siv-Merete Vedå

Siv-Merete Vedå
-Kunderådgjevar-